



FLORA
KOMMUNE
ORDFØRAREN

Julehelsing



Året 2011 starta med eit gnistrande vintervêr som ei perfekt innleiing til Melodi Grand Prix. Som oppfølging til det fantastiske jubileumsåret byen feira i 2010, kunne vi ikkje valt noko betre enn folkefesten i Florø Idrettssenter, direktesendt til heile nasjonen via NRK1.

Etter dette har det stort sett regna gjennom heile sommaren, hausten og vinteren. Men heldigvis bur vi i ein kommune som framstår like stolt, vakker og sjarmerande uansett vêr og vind.

I dag snur sola og vi går mot lysare tider, og med to dagar igjen til julaftan håpar eg at de no begynner å bli ferdig med dei hektiske juleførebuingane. Jula handlar om å vere nær dei som betyr mest for oss. Og då må vi hugse på at i ei tid der kos og samhald står i fokus er det for mange ekstra tungt når dei opplever at ikkje alt er som det burde. Jula handlar om å ta vare på kvarandre. Eg håpar vi hugsar på dette i høgtida og elles i kvardagen.

Flora innleiar det nye året som vi gjekk inn i det gamle. Med ein musikalsk folkefest som sameinar folk på tvers av generasjonar og andre skiljeliner. Som ordførar gler det meg å sjå samhald og glede og eg vil gjere mitt for at vi i 2012 får fleire slike arenaer.

Med dette ønskjer eg alle ei riktig gledeleg jul og eit framgangsrikt nytt år.

Med helsing

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar